

INNKOMNE MERKNADER VED PLANOPPSTART

I samband med oppstartsfasen av planarbeidet og ved kunngjering av planoppstart, er det komen inn 5 innspel/merknader frå offentlege instansar/andre. Hovudinnhald og vår vurdering av innspela er som følgjer:

Innspel frå:	Dato	Innhald i merknad	Vurdering/kommentar
Statsforvalteren i Vestland	20.03.2023	<p>Av oppstartsvarelet går det fram at dagens brannstasjon vert drifta på tidsavgrensa dispensasjon, og at det er behov for å bygge ny brannstasjon for å stette dagens krav til brannstasjonar.</p> <p>Statsforvaltaren støttar kommunen si vurdering og vurdert at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.</p> <p>De har unntak av samfunnstryggleiks- og beredskapsmessige omsyn (inkl. ROS-analyse) ikkje vesentlege merknader til planarbeidet under føresetnad av at nasjonale og viktige regionale omsyn vert teken i vare.</p> <p>Det er krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analyse skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar.</p> <p>Grunna sin funksjon vil ein brannstasjon normalt falle inn under tryggleiksklasse F3 for flaum/stormflo, dvs.at største tillate årlege gjentaksintervall for falum/stormflo er 1/1000. Viss stasjonen i kraft av sin storleik òg skal ta i vare eit regionalt beredskapsansvar, så må den plasserast utanfor flaumutsett område, jf. TEK17 § 7-2 første ledd.</p> <p>Vidare ser de at utrykkingsvegen mot Hafstadreina og er flaumutsett (flaumsone-20 år) og tilsvarande vil på sikt og stormflo kunne verte ei utfordring (stormflo 2050 – intervall 1000 år og stormflo 2090- intervall 20 år). Sjølv om det vert lagt opp til ein «naudveg» (som kan nyttast dersom tilkomstvegen vert sperra), planområdet bør utvidast.</p> <p>Planområdet ligg dessutan i aktsemdssone for marin leire.</p> <p>Relevante utgreiingstema knytte til m.a. naturmangfald, landskapsverdiar, barn og unges interesser, grøntstrukturar, massebalanse mv. Bør verte ivareteke gjennom planprosessen.</p> <p>Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.</p>	<p>ROS-analyse inngår i plandokument</p> <p>Det er utarbeidd flaumfarerapport og Geoteknisk vurdering for området. Del av området kjem i berøring med flaumsone for 1000års-flaum. Det er i føresegn sett krav i høve sikring for flaumutsett område. Det vil i utgangspunktet her vere aktuelt med heving av byggegrunn for å sikre tryggleikskrv i høve TEK17.</p> <p>Det er utarbeidd geoteknisk vurdering i samband med planarbeid.</p> <p>Tema er vurdert i planomtale.</p> <p>Kommunen vil sikre dette, spesielt med omsyn til utarbeiding av uteområde for nye FUSK.</p>
	16.01.2024	<p>Har ikkje merknadar i samband med utviding av plangrensa.</p>	
BKK AS	07.12.2023	<p>De etablerer og driftar strømnettet i kommunen, høgspenst og lavspenst distribusjonsnett.</p>	<p>Tatt omsyn til i plan.</p>

		<p>Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget i medhold av områdekonsesjon.</p> <p>De som utløyser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må dekke kostnadene med tiltaket, inkludert kostnader til erverv av nye rettigheter. Dersom planen forutsette at eksisterande høyspenningsanlegg må flyttes eller legges om, må det settes av plass til ny trase og/eller nettstasjon(er).</p> <p>Høyspenningskablene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Det viktigste er at det ikkje planlegges bebyggelse over eller nært ved kabelgrøften slik at kabelanlegget kan utsettes for fare eller at fretidig tilkomst til kabelanlegget hindres.</p>	
NVE	<p>31.10.2023</p> <p>15.11.2023</p>	<p>Planområdet er utvida for å sikre uteopphaldsareal til Hafstad skule og turvegen som går gjennom skuleområdet.</p> <p>De bør nytte NVE sin <i>kartbaserte rettleiar for reguleringsplanar</i> for å ivareta NVE sine interesser i det vidare planarbeidet. Etter utvidinga av planområdet er også punkt 16 i den kartbaserte rettleiinga om vassdrag eit aktuelt punkt å vurdere.</p> <p>NVE har ikkje ytterlegare innspel, enn det som er spelt inn tidlegare.</p>	NVE sin rettleiar og kartbaserte løysingar er nytta i samband med planarbeidet.
Statens vegvesen	16.11.2023	<p>Planområdet har tilkomst frå rundkøyring mellom E39/rv. 5 og kommunal veg (KV) på Hafstad. Frå kommunalvegen Hafstadreina går det privat veg til planområdet. Sidan privat veg fører til viktige offentlege funksjonar tilråd vi at privatvegen får status som kommunal veg. Det er og mogleg med tilkomst til planområdet frå parkeringsarealet aust for Hafstad VGS.</p> <p>Statens vegvesen er positive til at utviding av planområdet sikrar areal til uteopphald og turveg. De viser til nytt varsel om utviding av plangrense for Førde brannstasjon i Sunnfjord kommune.</p> <p>Nytt varsel om utviding av plangrense skuldast at eit føremål, ca. 2 dekar til offentleg/privat tenesteyting, var utegløymt ved førre varsel. I gjeldande reguleringsplan, Hafstad bydel og Førde Yrkesskule er det utvida området regulert til bustad/offentleg føremål, offentleg bygg- undervisning, og offentleg bebyggelse. Utvidinga inkluderer areal som i dag er nytta til landbruk, uteopphaldsareal til skulen og ein turveg gjennom området.</p> <p>De minner om reguleringsplan for Hafstad bydel si § 2 Rekkefølgeføresegn - 2.2 Hovudveg, bru og busshaldeplass, som stiller krav om:</p> <ul style="list-style-type: none"> Veg 1 skal knytast saman med Angedalsvegen med ei bru over Jølstra seinast ved utbygging i planområdet og gbnr 61/425 som gjev 30% (370 kjt/t 2200 kjt/døgn) trafikkgenerering frå planområdet, eller når trafikkmengda vest for 	<p>Tilkomstveg er i plan innarbeidd som offentleg veg.</p> <p>Det er igangsett arbeid med plan for bru over Jølstra som vil ta omsyn til krav i høve rekkefølgeføresegn knytt til trafikk. Denne planen ligg på høyring, og er antatt å verte vedteke iløpet av hausten 2024.</p>

		<p>rundkøyering på E39 er nådd 1550 kj/t.</p> <p>Planarbeidet må avklare om trafikkmengd i føresegn 2.2 er nådd 1550 køyretøy i makstimen summert i begge retningar. Dersom grensa på 1550 kj/t er nådd må krevet i reguleringsplan for Hafstad bydel si føresegn 2.2, innfriast før etablering i planområdet for ny brannstasjon kan starte.</p> <p>Trafikktala i tellepunktet på E39 vest for krysset tyder på at grensa for trafikkmengda var nådd allereie i oktober 2022.</p> <p>Det er etablert areal for mjuke trafikkantar langs privatveg. Langs vestsida av vegen KV Hafstadreina manglar det i underkant av 60 meter fortau som bind saman fortaua langs E39 og privatvegen fram til planområdet. Nemnde, manglande, fortau er regulert.</p> <p>Vi oppmodar Sunnfjord kommune om å knyte saman dei ca. 60 manglande meterane som bind saman fortau langs E39 og privatvegen fram til.</p> <p>Som «naudveg», dersom tilkomstvegen skulle bli sperra, er det planlagt å nytte same naudveg som politiet nyttar. Bruk av «naudveg» må vere basert på ei risikovurdering som definerer behovet og når den må brukast, og dette må omtalast i planen. For å unngå unødig bruk av naudvegen må det etablerast tiltak i form av fysisk sperring som kan ved t.d. fjernkontroll når den faktisk må brukast ved utrykking.</p> <p>Vegvesenet føreset at naudvegen er open som tilkomst til brannstasjon og politihuset for mjuke trafikantar, men er fysisk stengd for køyring når den ikkje vert nytta som naudveg.</p> <p>I samband med ny utbygging i tettstader/tett by vil vi framheve at det er viktig å ha fokus på trafikksikre løysningar for renovasjon og varelevering tidleg i planlegginga.</p> <p>Parkering skal ikkje skje innanfor byggegrense mot E39 med mindre det vert avklart i planprosessen. Parkering må etablerast slik at parkerte objekt, eller deler av desse, ikkje står i siktsoner til kryss og avkøyrslar. Dette gjeld også for siktsoner til fortau samt gang- og sykkelveg.</p>	<p>Er avklara planmessig, vil vidare følgast opp av kommunen.</p> <p>Etablering av naudveg er vurdert i samband med tilgrensande reguleringsplan for politistasjon. Tilknyttinga til E39 vert avklara i samband med Førdepakken.</p> <p>Tatt omsyn til i planarbeidet</p>
Vestland fylkeskommune	27.11.2023	<p>Hovudføremålet i planen er å legge til rette for ny brannstasjon, sikre uteopphaldsareal til Hafstad sukle og tenesteyting nordaust i planområdet.</p> <p>Eksisterande område er nytta som riggområde, skule og landbruk. I gjeldande kommuneplan er området regulert til offentleg og privat tenesteyting.</p> <p>Prosjektet er planlagt i samsvar med brann- og redningstenesta sine behov. Brannstasjonen skal innehalde vognhall/garasje, verkstad/spesialrom, garderobeanlegg (rein/skitten sone), kontor og møte-/undervisningsrom. Ny brannstasjon er planlagt plassert på Hafstad, mellom Hafstad VGS og politistasjonen.</p>	

	<p>Vestland fylkeskommune vurderer utvidinga av planområdet i reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.</p> <p>Planen vil sikre areal til turveg og uteoppghaldsareal til Hafstad skule. Det bør inkluderas føresegner for utforming, kvalitet og funksjon på desse områda.</p> <p>Fylkeskommune legg til grunn at vegetasjonsbeltet langs elva vert sikra i sin heilskap, for å ivareta verdifulle kvalitetar knytt til vasskvalitet, biologisk mangfald, landskapsøkologiske korridorar og landskapselement.</p> <p>Vi oppmodar kommunen, generelt og i denne saka, om å nytte planverktøyet til å legge tydelege føringar for utbygginga. For dei tema som det offentlege, høyringspartane eller ålmenta har interesse for, bør ein legge opp til at detaljane i utbygginga vert definert ved føresegner i planen, framfor at ein utset detaljane. Føresegner som er knytt til viktige tema (td. Klimatilpassing, vassmiljø), bør ha «skal»- formuleringar i planen, og bør ha ei grad av detaljar som sikrar at planen ikkje opnar for tolking.</p> <p>Klima og miljø vil de oppmode tiltakshavar om å:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdere tiltak for lokal handtering av overvatn gjennom blå-grøne strukturar • Vurdere energibruk og effektivisering i både bygge- og driftsfase, og vurdere dette i eit livsløpsperspektiv. • Vurdere løysingar for fornybar energi • Vurdere tilrettelegging av ladeinfrastruktur for nullutslepps fartøy. Dette kan td. Innarbeidast i føresegnene til detaljreguleringsplanen. <p>Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.</p> <p>Kulturmine og kulturmiljø: Plangrensa omfattar området «Landabryggja», ved Jølstra. Dette er ei steinset bryggje, datert til 1700 talet. Dette kulturminnet er knyttet til samferdsel og jektefarten i området, ved at den markerer staden der jektene kunne gå opp i elva.</p> <p>Det er viktig at kulturminnet framleis er synleg og tilgjengeleg. Opplevingsverdi og lesbarheit til kulturminnet må takast omsyn til i det vidare planarbeidet. Turvegen som går langs elva, er viktig for naturoppleving og å forstå elva sin posisjon. Det er viktig at området et tilgjengeleg ved at det er passasje, mellom bygningane, som fører ned til elvelandet.</p> <p>Belte langs elva definerast som grøntområde. For at kulturminne Landabryggja skal få eit vern som tek vare på kulturminne for ettertida, må den omfattast av ei omsynssone med formål bevaring av kulturmiljø (H570). Omsynssona må ha ein storleik som gir forståing for området sin kulturhistoriske</p>	<p>Vegetasjonsbelte langs elva er sikra i plan.</p> <p>Tatt omsyn til.</p> <p>Tatt omsyn til og vurdert i plan.</p> <p>Imøtekomen. Kulturminne er regulert med omsynssone</p>
--	--	---

	<p>funksjon, som eit knutepunkt med opp til 15 sjøhus saman med jektebrygga og ferjestad.</p> <p>Vi ber om at følgjande tekst blir innarbeidd i fellesføresegna til planen: <i>Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur og Folkehelse, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8,2. ledd i Lov om kulturminne.</i></p> <p>Infrastruktur og veg: Sjølv om planområdet er utvida vil det fortsett ha tilkomst på privat veg og KV2302 frå E39. Det må taksast omsyn til trafikktryggleiken og framkomme på den framtidige fylkesvegen i samband med utforming av reguleringsplan.</p> <p>Fylkeskommune legg til grunn at verknadane planløysingane har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen og ROS-analyse og ev.konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Trafikktryggleik og framkomst for ulike trafikantgrupper • Tilkomstløysingar • Forventa trafikkmengde og kapasitet på vegnettet • Trafikkmønster og reisemiddelfordeling • Konsekvensar for drift og vedlikehald av vegnettet • Parkeringsdekning og -behov • Ivaretaking av lista ovanfor i anleggsperioden <p>Generell kommentar i høve tema som må takast omsyn til i reguleringsprosessen og handbok N100 skal følgjast. Eventuelle avvik frå N100 skal godkjend av vegeigar før detaljreguleringsplan lagt ut på offentlig ettersyn og høyring. Plankartet bør vise målsette siktelinjer og siktsoner som også vert forankra i føresegnene.</p> <p>Vestland fylkeskommune oppfordrar om at det vert teke særleg omsyn til mjuke trafikantar ved utforming av planområdet sidan det vil ligge nært knytt til eit framtidig skuleområde, og at det vert utforma gode løysingar knytt til skuleskyss. Det bør i arbeidet også vurderast om det skal etablerast Hjartesone rundt skuleområdet for å sikre dette.</p> <p>Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.</p> <p>Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet skal mellom anna gjere for temaa landskap, terreng, grøntstruktur, barn og unge, trafikktryggleik og bygnadsstruktur. Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.</p>	<p>Imøtekomen.</p> <p>Det er igangsett arbeid med plan for bru over Jølstra som vil legge til rette for bygging av ei gate med sykkelveg og fortau. Denne planen ligg på høyring, og er antatt å verte vedteke iløpet av hausten 2024.</p> <p>Vurdert i plan. Tilkomstveg til planområdet går via ein veg som vart planlagt og etablert i samband med bygging av politistasjonen (2021). Denne vart planlagt i samsvar med handbøkene og dåverande Førde kommune, med omsyn til framtidig utbygging innanfor planområdet.</p> <p>Tatt omsyn til.</p> <p>Tatt omsyn til mjuke trafikantar.</p> <p>Tema er vurdert i planarbeidet.</p>
--	--	--